

## Sildakongen og rikt program på Kanaldagane

Nyhende — 28 august 2017



Kanaldagane på Bømlo helga 1. til 3. september, vert i år opna av ingen ringare enn «Sildakongen». Arvid Otto Sildenskiold Mørch er viden kjent og ein svært fargerik person, og han vil fortelja om kystkulturen, fiskarbonden og sjømannen. Det han sjølv kallar «ryggraden i mor Norge».

Ellers er det i år stor breidde i underhaldning med noko for både born, ungdom og vaksne. Spesielt mynta på born er brannbilen og diskotek fredag, elias-båtar laurdag og sundag, og klovnen Ray Speedy på sundag. For ungdom kan nemnast Ten Sing Bømlo, Kløver og Skarre R, og Serlina Sulebakk. Sistnemnte er svært populær for tida med singelen «Puste under vann». Ho var seinast å sjå på TV2 sitt program «Allsang på grensen».

Det store trekkplasteret er ABBA-showet på laurdag. Dette blir spektakulært bra, med fullt band og strålende vokalistar i Hibbi Mannes, Henriette Braavig, Mads Pedersen og Unni Hilt. Unni er frå Bømlo og det blir ekstra kjekt å sjå henne på scenen «på heimabane».

Laurdag kveld er det klart for stort show med Bjørn Jensen frå «Ausekarane» og Vestlandsfanden. Dette er velkjente namn for dei fleste og dei skal ha show og dans i teltet til langt på natt.

Ellers så kjem The Jokers sundag. Dei har vore fleire gongar på kanaldagen før, men det er alltid like kjekt å sjå dei på scenen. Større speglede skal ein leita lenge etter, og det svingar alltid skikkeleg når dei spelar. Våge Skulemusikklag kjem fredag, og så må det også nemnast det historiske foredraget på laurdagen. Dette er ein tradisjon som har vore i alle år, og i år får me servert den spanande historia om Innvær plast. Mange i vårt distrikt har eit forhold til denne plastsnekka. Dette foredraget blir i bedehuset.

Ein anna tradisjon er gudstenesta kl. 11.00 på sundag. Då blir presten rodd til «kyrkje» akkurat som i gamle dagar. Dette er ein programpost som er populær hos mange, heiter det i melding frå arrangøren.

## ANDRE NYHENDE



**Godt første halvår for Sunnhordland Kraftlag**  
august 29, 2017



**Vervagudsteneste i strålende sol**  
august 27, 2017



**Ønskjer meir tilpassa skyss med Skyss**  
august 27, 2017



**Rådmanns-nei til einvegskjøring i Borggata**  
august 25, 2017



**Linda Eide med strålende gjester!**  
august 25, 2017



**LESARBREV: Stopp store klassar**  
august 24, 2017



**Rikholdig haustprogram på viseklubben**  
august 22, 2017



**Vil «ta ut» fleire hjortar frå aukande stamme**  
august 22, 2017



**Auke i bilfrakta med Kvinnheradsambandet**  
august 28, 2017



**Fotballfest på Vikahaugane**  
august 27, 2017



**Viktigast med levande kystkultur**  
august 26, 2017



**Både klassisk og «flygeljass» innviar det nye flygelet**  
august 25, 2017



**29 nye lærlingar på plass i Kværner**  
august 24, 2017



**Vervagudsteneste på Jensaneset**  
august 23, 2017



**Nye lærlingar Stord kommune**  
august 22, 2017

LEGG TIL ARRANGEMENT +



Tys 29 A  
**Treffpu**  
ARRANGØF  
Kreftfore



Tor 31 A  
**Somme**  
Stord folk  
ARRANGØF  
Stord fol



Tor 31 A  
**Inspira**  
Stord folk  
ARRANGØF  
Stord fol

[Sjå fleire lokale arrangement](#)

## (0) READERS COMMENTS

Comments are closed.

## KORT SAGT

## Ha allsongrøysta klar til våren



– Dette var kjekt, dette må blir årleg, vart det sagt etter det særers vellukka allsongtreffet i Parken i juni. Her og no kan det slåast fast at ønskje om meir allsong i den flotte parken på toppen av Leirvik, bli oppfylt når det lid til mai og god vår i lufta. Leirvik mannskor er alt byrja planlegginga og det blir eit dugnadsprosjekt på alle plan – med overskot til gode lokale føremål. Det er berre å gleda seg.

## Forskar på brunsniglebruk



Aldona Petkeviciene på Os plukkar og tek imot det ho kan få av brunsniglar for tida, skriv BT.no. Ho hadde mengder av sniglane i eigen hage og byrja etter kvart lura på om dei kunne koma til nytte på noko som helst vis. Nærare studie viser at sniglekjøtet innhald stoff som kan gjerast om til næringsrikt dyrefor. Dette skal det no forskast meir på. Til første forsøk trengst det 150 kilo sniglar ...

## Avdukar Blåstål

A.B.C.D. (art.beach.creation.debris.) er eit kunstnarisk initiativ som ser på korleis plast ureinar vårt maritime miljø. Kunstnarane Elizabeth Roberts frå Oregon, USA, Janne Robberstad og Jan Willy Folgerø-Holm frå Bømlo, Norge – samarbeider med Bømlo kunstlag og kunstgeriljaen I dette prosjektet. Skuleklassar og lokallag har vore i sving med å rydda strender for bos i vår og sommar. Eindel av den innsamla plasten er vaska og sortert og er brukt som råmateriale I ein stor installasjon – nemleg ein bortimot 3 meter lang blåstål! Avduking i kveld tysdag 29. august i Autogården på Rubbestadneset, tipsar Bømlo Kunstlag.

## Mot direktørskifte i SKL

Magne Heimvik sluttar som adm direktør i SKL. Heimvik vart 62 år i april i år, og har etter arbeidsavtalen nådd pensjonsalder. Styret vart informert i dagens møte og startar no arbeidet med å tilsetja ny direktør. Målsetjinga er at ny direktør er på plass 1. januar 2018.

Magne Heimvik har lang fartstid i SKL. Han kom til selskapet i 1985, og i 1997 tok han over som adm direktør. Han seier SKL har vore ein særdeles spennande og interessant arbeidsplass i ei tid der både samfunnet og rammevilkåra for kraftselskapa har vore i stadig endring. Sett i lys av at dei vedtekne strukturelle endringane i SKL no er gjennomført – og eigen alder – meiner han tidspunktet for å fråtre stillinga no frå årsskiftet er det beste, går det fram av meldinga frå SKL måndag..

### «Kom deg ut» til Skjephaugen



Barnas Turlag og Stord-Fitjar Turlag inviterer til den årlege «kom deg ut-dagen» ved Gapahuken/Friluftsambassaden i Skjephaugen komande søndag 3. september (kl 12.00). Det blir tradisjonen tru høve til padletur på Skjephaugsvatnet, turtipp og natursti. Og det blir naturlegvis servering av pøser, saft og kaffi. – Velkomen til verdas største leikeland, annonserer tilskiparane.

### Innviar nybygg

Medlemene i Komite for oppvekst og utdanning er i morgon inviterte til innviing av nybygg ved Skogatufto Barnehage. I tillegg til nytt bygg har barnehagen på toppen av Kjøtteinsbakken siste året vore gjennom ei solid oppgradering.

### 68 kontrollerte

Politidistriktet gjennomførte søndag ettermiddag promillekontroll ved Spissøysundet. 68 bilførarar måtte «blåsa i røyret». Ingen utslag – og slik skal det jo vera.

### Heidra for lang og tru teneste.



(Foto: Kurt Grundvold)

Under ei samkome for tilsette ved Sunnhordland Trafikkopplæring AS nyleg, blei Reidun Åsvang og Per Ove Sercan Husevik tildelt "Norges Vels Medalje" for lang og tru teneste. Begge har i over 30 år stått på for Sunnhordland Trafikkopplæring, til beste for kundar, tilsette og bedrifta.

### Poengdeling i Førde

Også i bortekampen mot Førde laurdag, tok Stord leiinga. Denne gong ved Jan Arne Vassnes som sette inn ein

straffe i det 21. minutt. I 63. minutt scora heimelaget og det vart poengdeling. Med 19 poeng «datt» Stord ein plass ned på tabellen og ligg no på 11.plass (under streken). Komande helg er Herd motstandar.

### Køyrte heim

Frå politiloggen søndag morgon: Kl. 0040, Leirvik: Rusa mann i 20-åra meld for ikkje å etterkome pålegg. Var tidlegare på kvelden lite samarbeidsvillig overfor patruljen. Blei køyrt hjem.

### ARKIV

Arkiv

### STORDNYTT.NO

**Journalist:**  
Steinar Hystad  
steinar@stordnytt.no  
950 31 154

### KONTAKT OSS

Om du har tips til redaksjonen eller om du ynskjer å annonsera, ta kontakt med oss på ein av desse e-post-adressene:

[nettnytt@stordnytt.no](mailto:nettnytt@stordnytt.no)

[annonser@stordnytt.no](mailto:annonser@stordnytt.no)



stordnytt.no  
5,3 tusen likar

Lik denne sida

43 vener likar dette

The widget shows the Facebook logo, the page name 'stordnytt.no' with 5,3 thousand likes, a 'Like this page' button, and a preview of the page content with 43 other users who liked it.

